


# Å hogge ei jekt

AV OVE LOSNEGÅRD (TEKST OG FOTO)



I hjørnet av båthallen ved Kystmuseet i Sogn og Fjordane står ein noko ille tilreidd, nokså oppstøtta gammal båt som alltid har pirra meg. Kanskje fordi den er bygd i heimbygda mi? Eller fordi den er så gammal at den er eit band til mellomaldersk båtbyggjarkunst?

Båten er Bakkejekta frå Holmedal i Sunnfjord. Bygd ein eller anna gong rundt midten av 1700-talet, men det veit vi ikkje anna om enn at Sjur Vindheim, som ifølgje båtgranskaren Bernhard Færøyvik bygde den, døydde i 1769. Er den då Noregs eldste, bevarte båt som ikkje har

vore nedsøkt eller nedgraven?

I 1929 kom den kjende båtgranskaren Bernhard Færøyvik til Holmedal for å dokumentere Bakkejekta, eller Sunnfjordjekti som han kallar den. Bøndene på Bakke-gardane, som eigde jekta ilag, var då sterkt usamde om kva dei skulle gjere med ho. Fleire av dei ville hogge ho opp, men eigaren av jektenaustet sette foten ned og kjøpte dei to andre eigarane ut. Han ville gje jekta til Sunnfjord Museum, og slik vart det – heldigvis for ettertida. Men før det hadde Bernhard Færøyvik målt ho opp og dokumentert det som var

att av rigg og utstyr. Han intervjuar også gamle folk i bygda som fortalde om bruken av jekta. Jens Sørensen Bakke (fødd i 1866) fortalde om ein tur dei hadde til Bergen då han var 11 år gammal. Dei tok ut frå Holmedal kl. 9 om morgonen med levande kyr om bord ("11 anmarkebeist"). Nordavinden auka på, og dei siglde "med det jekta tolde, so runa gjekk jamnt med høset framme" (baugfossen gjekk jamnt med svineryggen). Kl. 4 om ettermiddagen var dei framme i Bergen. Dette vil seie ein gjennomsnittsfart på 9,7 knop – og då hadde dei levert dei 11



Fleire røynde båtbyggjarar er med på bygginga av Bakkejekta, men det er og mogleg for interesserte som ikkje kallar seg røynde å vera med. Bygginga er lagt opp som ein storstilt dugnad. Slik får fleire vera med på moroa.

kyrne undervegs. Men svikta vinden, og jekta måtte roast, var nok kvar mil eit slit.

Bakkejekta er 9,9 m lang, 3,08 m brei og lasta 40 tønner (3 lester). Sjølv om ho har blitt kalla jekt eller jakt lokalt, er ho i same storleik som det som elles på Vestlandet kunne bli kalla for storebåt eller byrding. Den farkosten eg kjenner som liknar mest på Bakkejekta, er den mykje yngre og litt større Skåsheimbåten på båtmuseet i Kaupanger. "Den gode hensigt" i Bergen er kopi av denne.

Vi veit at dei små jektene i Sunnfjord var føringsbåtar for eitt eller fleire bruk. Dei siglde til Bergen med ved, kjøt og fisk, og kom heimatt med kjøpevarer. Dei førte sauer og kyr til og frå sommarbeite og ved og materialar til bruk på gardane. Jektene var og sambandet mellom kyst- og fjordfolket, der fisk og fiskeprodukt vart bytte mot land-

bruks- og skogbruksprodukt.

Jekta er klinka av  $\frac{3}{4}$ " til  $1\frac{1}{4}$ " bord i furu. Stamnen er i bjørk, slik det er vanleg i Sunnfjord og Nordfjord. Det svært spesielle med Bakkejekta er at heile båten er hoggen. Til og med borda på vengtaket er kappa med øks. I botnen minner utforminga mykje om den vi ser på geitbåtar på Nordmøre. Oppover mot framstamnen finn vi stamnvinder som svarar til slagborda i mindre båtar frå Sunnfjord og som har mykje felles med halsen i den gamle typen av Nordlandsbåt. Vi ser og at innløpet i båten er så skarpt at det ikkje hadde vore mogeleg å lage det til utan å hogge halsane "daude".

På innsida av båten er borda sletta med skjøve eller pjål. Dei er ikkje høvla. På utsida er dei så slette at dei kan vera høvla med høvel.

Byggjeteknisk er vi altså her i ein heilt annan tradisjon enn den nyare båtbygginga, der forma kjem fram

ved at saga bord blir sveidde. Bakkejekta gjev oss ein gyllen sjanse til eit innblikk i mellomaldersk båtbygging. Korleis tek vi opp og gjev form under det rammevilkåret at saga ikkje finst?

I heftet "Sunnfjordingar med varer under råseglet" gjev Øystein Færøyvik følgjande omtale av skroget etter notatane som faren, Bernhard Færøyvik, gjorde:

*Jektehuda er bygd opp av su-lagde bord og klinka saman med saum og rør (klinksaum). Mellom suene ligg ei tvinna si-snor, tjøra eller beka, i ei renne i det yste bordet. Sisonora er laga av ull og nautehår. Neste bordet kallast kjø- eller svillbordet og er fest til kjølen med reksaum. Det rekk eit lite stykke fram på lotet. Andre omfaret (bordgangen) har halsar framme og bak. Det er skara saman med bordet i midten som kallast sandue. Halsane er hogde vinde or heil eller halv stokk. Slike bord vart ofte kalla stamnvind-*



debord eller berre stammvinde. Tredje omfaret har stammvindebord framme, to middykjebord i midten og ronhalsbord bak. Ronhalsborda er noko lengre enn dei andre og rekk med ein spord radt til bakre kant av bakstammen der dei er godt feste med jarnsaum. Ronhalsua er tilhogd soleis at det flatliggjande lyftingsbordet i fjerde omfar kan klinkast innpå. Det fjerde omfaret er skøytt saman av tre bord på kvar side med lyftingsbordet atterst og eit stammvindebord fremst. Det femte omfaret er sett saman av tre bord på kvar side med stammvindebord framme. Det sjette, sjuande og åttande omfaret er sett saman av tre vanlege bord. Det åttande og øvste kallast sett- eller fribordet. Til øvste kanten av dette bordet, ranggarden, er fest skvettbord som hallar inn over jekta. Skvettbordet har tre avlange hol for støtteklampar for ei lausrup som dei sette på når jekta

var lasta. Langs øvre og nedre kant av fribordet er lagt lister, langisar, som skulle ta mot støyt og gnag frå bryggjer og farkostar. Nedste langisen var og lasteline for jekta. Spegelen eller gavlen er sett saman av tomsbord kant i kant.

Slik held Bernhard Færøyvik sine notatar fram for vengen, tilfaret, styret, årane, rigg og segl. Vi har her ei eineståande dokumentasjonskjelde å ause av – sjølvsgatt i tillegg til jekta sjølv. Men spesielt for det som manglar i dag – rigg, segl, årar og tilfar – er dette av stor verdi for oss og ettertida. Gleddeleg er det at Øystein Færøyvik no har samla stoffet om jektene i Sunnfjord i dette heftet.

Eg har i mange år drøymt om å byggje ei ny Bakkejekt. Frå tida mi på Båtbyggjarskulen i Jondal og Hardanger Fartøyvernsenter, og fram til no som eg mest arbeider med kulturminne på land, har jekta spøkt




Noregs eldste båt som ikkje er gravd opp? Alle borda på Bakkejekta er hogd i fasong. Stammvindeborda, eller halsane, er hogd ut or heil eller halv stökk.

Under: Oppmålingsteikning av den knapt ti meter lange jekta, utført av Bernhard Færøyvik 1929.

i bakhovudet og følgt meg. Hausten 2002 kjende eg på meg at tida var mogen, og eg tok initiativet til eit jektemøte. Reaksjonen var overveldande: 30 entusiastiske menneske møtte fram og sparka prosjektet vidare. Partslaget Bakkejekta vart skipa i august 2003, og i skrivande stund har vi selt 150 partar a kr. 3 000.-! Dette er privatpersonar, institusjonar, kommunar og andre i Sunnfjord, men også Hardanger Fartøyvernsenter og andre institusjonar og interesserte utan tilknytning til Sunnfjord er med.

Utover i 2003 vart prosjektet kjent for båtbyggjarar og fagmiljø i heile landet, og mellom andre Jon Godal og Norsk Handverksutvikling vart trekt inn i arbeidet. Saman klette vi ut tanken om kopibbyggjinga som samlingar for båtbyggjarar med spesiell interesse for hogging av båt på 1700-tals vis. Jon Godal tok på seg det faglege ansvaret for byggjinga, og første samlinga gjekk av stabelen i januar 2004.

No må det for all del ikkje gløymast at byggjinga av den nye Bakkejekta også skal ha ei sterk samlande og mobiliserande side – i tillegg til den båt- og handverksfaglege. Partseigarane skal vere med på å byggje jekta, og gjennom byggjinga og bruken skal vi skape eit sterkt og godt kystkulturmiljø i Dalsfjordregionen. Vi har kalla denne vesle jekta for eit



flaggskip for regionen, og det seier noko om at vi vonar den skal bli eit lite symbol for bygdemobilisering rundt fjorden vår.

Men attende til samlinga vår: 19. januar 2004 reknar vi som byggjeart for jekta. Då samlast underteikna, Jon Godal, Peter Helland Hansen, Terje Planke, Svein Erik Øya, Roald Renmælmo, Harald Dalland og Hallgeir Bjørnevik (heretter kalla jektehoggarane) rundt originaljekta på Kystmuseet i Florø. Vi målte, fotograferte, drøfta og noterte, laga malar og studerte, før vi reiste til Jensbua i Fjaler for å starte hogginga. I dei fire neste dagane vart botnen – dei 5 første omfara – grovhogde av jektehoggarane, handverkarar frå Jensbua og dugnadsfolk frå Partslaget. Nokre bord vart kløyvd ut av stokken med øks, ein del vinder vart bora ut før dei vart hogde, og halsane vart hogde ut av halvkløyvingar som var saga etter mergen. Jektehoggarane brukte i utgangspunktet teknikkar dei hadde røynsle med. Dei prøvde

så ut kvarandre sine teknikkar. Slik fekk vi utveksling av ulike måtar å gjere arbeidet på. Og dugnadsfolket saug inn all lærdomen som jektehoggarane raust delte ut.

Vi vil gjerne halde fram prosjektet på denne måten, med korte økter der vi samlar fagfolk og dugnadsfolk i skjønn forening. Slik vil vi både samle all tilgjengeleg kunnskap på dette området, og spreie den kunnskapen vi samlar oss gjennom byggjinga til beste for tilsvarande prosjekt framover.

No står dei 5 første, grovhogde omfara til tørk. Kjøl og lot er og grovhogde, men vi strevar med å finne stor nok bjørk med rette svaien til stamn. I neste økt skal vi strekkje kjølen og felle på borda i botnen. Jektehoggarane har sagt at dei svært gjerne vil vere med vidare, og vi treng også fleire. Ta med øksa di og kom.....

### Litteratur/kjelder:

Bernhard Færøyvik: "Inshore craft of Norway", Grøndahl & Søn 1979  
Øystein Færøyvik: "Sunnfjordingar med varer under råseglet", Ø.Færøyvik/Kystmuseet 2004  
Bernhard Færøyvik: "Sunnfjordbaaten" i Jul i Sunnfjord 1930.

### Medeigar i Bakkejekta?

Du kan få lov til å vere med på moroa i Sunnfjord ved å kjøpe part i Bakkejekta! Anten du vil støtte oss ved å vere "passiv eigar", eller du vil delta i byggjinga, er du hjarteleg velkomen i Partslaget Bakkejekta!

Sjå [www.bakkejekta.no](http://www.bakkejekta.no)

Stiftinga Jensbua

Postboks 24

6961 Dale i

Sunnfjord

Tlf. 57 73 90 20

Faks 57 73 90 21

E-post [ove@jensbua.no](mailto:ove@jensbua.no)



Det einaste gamle biletet som eksisterer av Bakkejekta er truleg teke då båten vart teke or naustet for siste gong for å komme på museum. I dag kan ein sjå den vesle jekta på Kystmuseet i Sogn og Fjordane, Florø. Snart vert kjølen til den nye Bakkejekta strekt.

